

## Etablering av 5 oppvekstsenter – gjennomføringsplan.

Kommunestyret gjorde i sak 81/10 "Budsjett 2011, økonomiplan 2011-14 og planleggingsprogram 2011-14", pkt 2.f, slikt vedtak:

*"Det skal arbeidast for å få på plass oppvekstsenter (5) med verknad frå august 2012. Desse skal etablerast i bygdene Skjolden, Dale/Luster, Jostedal, Indre Hafslø og Solvorn. Jf vedtak i k-sakene 77/09 av 29.10.09 og 44/10 av 17.06.10 og klarering i f-skapet i sak 110/10 av 15.09.10."*

Med grunnlag i kommunestyret sitt vedtak og etter ein intern prosess har rådmannen konkludert med følgjande gjennomføringsplan:

Steg 1 - Frå medio februar 2011 - fredag 16. april 2011:

- Utarbeiding av organisasjonskart/hovudstruktur for eit oppvekstsenter.

- Klargjering av leiarstillingane i høve oppgåver/ansvar/mynde/ressurs mm.
- Drøfting med aktuelle arbeidstakarorganisasjonar undervegs.

Steg 2 - Frå slutten av april 2011 - fredag 17. juni 2011:

- Tilsetjing av leiar og nestleiar pr oppvekstsenter.
- Arbeidet i denne fasen vert i stor grad regulert av formelle krav og føringar.

Steg 3 - Frå tidleg september 2011 - august 2012:

- Etablering av eige prosjekt med framdriftsplan.
- Leiarar og nestleiarar av oppvekstsentra vert sentrale i prosjektet.
- Aktuelle tillitsvalde deltek i prosjektet.
- Detaljar i høve mål, mandat, problemstillingar, organisering, arbeidsform mm. må

vurderast som ein del av prosjektet. Aktuelle stikkord for arbeidet er:

- God forankring på alle nivå.
- Kombinasjon av arbeid sentralt og lokalt – varierende arbeidsform.
- Ev bruk av ekstern hjelp og/eller besøk i andre kommunar.
- Utarbeiding av felles pedagogisk plattform, bygge felles kultur mm.
- Detaljutføring av 5 oppvekstsenter.

Det vert vurdert som viktig å kome i gang med steg 3 så snart som mogeleg og med ein framdrift som skissert over har ein ca eit år til dette arbeidet – og det er under dette særst viktig at dei som i framtida skal leie oppvekstsentra er sentrale i utviklings-/etableringsarbeidet.

# Nytt frå ATS



ånad:	kulestart/ skuleslutt, feriar og ridagar for elevane:	al kuledagar:
-------	---	---------------

## AUSTHALVÅRET 2011

ørste skuledag:

austferie:

iste skuledag før juleferien

um hausthalvåret	5
------------------	---

## ÅRHALVÅRET 2012

ørste skuledag:

interferie:

åskeferie:

kulefrie dagar:

iste skuledag før sommarferien

um vårhalvåret	05
um skuleåret 2011-12:	190



Roland og John som framfører  
"Wittgen-stein og eg"